



Notat

Dato: 25.05.2018

Arkivsak: 2018/11299-1

Saksbehandlar: Hanne Espe og Bjørg Larsen

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 5.-6. september 2018 - førebels program og invitasjon

Dialogkonferanse idrett og friluftsliv er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommunane deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne gongen deltek Os kommune i programkomitèen. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Det er ønskjeleg at ein eller fleire representantar frå utvalet deltek på konferansen og helsar deltakarane ved opninga og gjerne bidreg med ei kort oppsummering ved konferanseslutt. Dette vert alltid sett stor pris på frå våre kollegar i kommunane.

Påmeldingsfristen er 1. august. Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider. Sjå elles informasjon i vedlagt mellombels program.

Vedlegg

1 førebels program 2018